



Vår dato:

10.06.2020

Vår ref:

2020/164

Dykkar dato:

04.06.2020

Dykkar ref:

19/1329

Kvinnherad kommune
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

Kvinnherad kommune – budsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2023

Kvinnherad kommunestyre har i møtet 28.11.2019, sak 88/2019, handsama og vedteke budsjett 2020 og økonomiplan for 2020 – 2023. Fylkesmannen har motteke saksdokumenta til orientering, med ettersending av oppdaterte og fullstendige økonomiske oversikter.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Fylkesmannen at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparinger. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Fylkesmannen vurderer kommunens økonomi og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan. Der det er manglar etter forskrift om budsjett og økonomiplan, har vi påpeika dette og bede kommunen følgje opp.

Som følgje av koronautbrotet får kommunane utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjort med grunnlag i kommunens opphavlege budsjett og økonomiplan, og vi vil følgje konsekvensane av koronautbrotet særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sett i verk.

Oppsummering:

Kvinnherad kommune har høge inntekter, også etter at det blir korrigert for utgiftsbehovet til kommunale tenester. Fylkesmannen vil sterkt oppmøde kommunestyret om å følge opp eiga målsetjing om å oppnå netto driftsresultat som over tid ligg på 2,75 prosent. Med eit slikt resultat kan kommunen ta vare på formuen sin, opprethalde ein driftsmargin/reserve og setje av midlar til investeringar. Dette vil òg bidra til å redusere ei høg lånegjeld, og gjere det mogleg å oppnå målsetjinga om nivå på lånegjeld samanlikna med driftsinntekter. Ei målsetjing som Fylkesmannen meiner er nødvending for å sikre eit økonomisk handlingsrom over tid.

Kommunestyret skal følgje kravet i kommunelova om realisme i budsjett og økonomiplan. I dette ligg det òg at kommunen følger eit forsiktigheitsprinsipp i budsjettering av inntekter, og ikkje budsjetterer desse for høgt. Særleg gjeld dette inntekter som kan vurderast som usikre, t.d. der det ikkje ligg føre ekstern dokumentasjon når dei blir vedtekne i budsjett og økonomiplan. For Kvinnherad gjeld dette først og fremst inntekter frå havbruksfondet, kraftverksem og avkastning på plasserte midlar.



Kommunelov med forskrift for økonomiforvaltninga

Vi viser til vårt brev av 07.11.2019 om handsaming og innsending av budsjett og økonomiplan til Fylkesmannen. I brevet er det omtalt at budsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2023 skal vere utarbeidd, vedteke og oppsett etter ny kommunelov med tilhøyrande forskrift for økonomiforvaltninga. I forskrifta for økonomiplan og årsbudsjett er det m.a. krav om følgjande nye økonomiske oversikter:

- løyvingsoversikter drift etter forskrifta § 5-4
- løyvingsoversikter investeringar etter forskrifta § 5-5
- økonomisk oversikt drift etter art, jf. forskrifta § 5-6
- oversikt over den årlege utviklinga i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar i planperioden, jf. forskrifta § 5-7.

Etter oppfølging av Fylkesmannen har kommunen oppdaterte økonomiske oversikter etter kommunestyrevedtaket, lov og forskrift.

Etter kommunelova § 14-2 bokstav c skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for utvikling kommunens økonomi. Finansielle måltal skal brukast i planlegging og styring, som grunnlag for å ta i vare den økonomiske handleevna over tid. Kvinnherad kommunestyre har gjennom budsjettdokumenta slutta seg til økonomiske handlingsreglar (finansielle måltal) om korleis kommunen sin økonomi skal utvikle seg over tid:

- Netto driftsresultat som utgjer 2,75 prosent av driftsinntekter.
- Disposisjonsfond (fri eigenkapital drift) på 10 prosent av driftsinntekter.
- Renteberande langsiktig gjeld på 100 prosent av driftsinntekter.

I tillegg har kommunestyret innført ein handlingsregel der 2,5 prosent av verdien på Kraftfondet vert teke ut som likviditet til årleg drift, som er lik målsetjinga for avkastninga til fondet utover risikofri rente. Avkastning utover dette vert avsett til eigenkapitalfond for indeksregulering av Kraftfondet og til disposisjonsfond.

Budsjett 2020

Kommunen budsjetterer med eit netto driftsresultat på 6,7 mill. kroner, som betyr 0,5 prosent av driftsinntektene. I disponering av netto driftsresultat er det brukt 3,7 mill. av disposisjonsfond og 3,5 mill. av bundne driftsfond, som resulterer i 14 mill. kroner i overføring til eigenfinansiering av investeringar. Etter førebelse Kostra-tal¹ for 2019 har kommunen 163 mill. kroner i disposisjonsfond. I tillegg er det rapportert etter 2019 om eit samla resultat (meir-/mindreforbruk) på 109 mill. kroner². Det betyr at fri eigenkapital til driftsføremål i prosent av driftsinntekter er 21 prosent. Gjennomsnittet for alle kommunane i landet (eks. Oslo) er rapportert til 11,7 prosent.

Skatteinntekter og rammetilskot er budsjettet med 810,3 mill. kroner, som er fem millionar meir enn statsbudsjettet. Utvikling av folketalet samanlikna med landet har stor betydning for kommunens frie inntekter. For Kvinnherad vart folketalet i 2019 redusert med 66 personar, som utgjer - 0,5 prosent. Veksten for heile landet var 0,7 prosent. KS sin prognosemodell etter oppdaterte folketal per 1. januar, viser ein prognose på 800 mill. kroner.

Kommunen har store inntekter frå kraftverksemder og i dei seinare år også frå havbruksfondet. Eigedomsskatt er budsjettet med 81 mill. kroner, ein auke frå 2019-nivået med 11 mill. kroner. Konsesjonsavgifter er budsjettet med 9 mill., gevinst sal av konsesjonskraft er berekna til 43 mill., utbytte Kvinnherad Energi 12,6 mill. og gevinst finanzielle instrument (plasseringar av fondsmidlar)

^{1, 2, 3} førebelse Kostra-konserntal for balansen



er budsjettet til 31,5 mill. kroner. Inntekter fra havbruksfondet er lagt inn med 30 mill. kroner. Avdrag er budsjettet med 58,8 mill. kroner etter tidlegare reglar for minsteavdrag.

Det er budsjettet med investeringar i anleggsmidlar for 248 mill. kroner, av dette er 177 mill. kroner finansiert med nye låneopptak og resten med momskompensasjon, sal av eigedom og tilskot. Etter Kostra-tal³ for 2019 har kommunen 1 691 mill. kroner i brutto langsiktig gjeld (eks. pensjonsforpliktingar), som utgjer 135 prosent av brutto driftsinntekter. Gjennomsnittet for landet (eks. Oslo) er 110 prosent.

Økonomiplan 2020 – 2023

Det er i perioden 2021 – 2023 budsjettet med netto driftsresultat på -17 mill. i 2021 til 17,8 og 8,2 mill. kroner for dei to siste åra. Dette utgjer mellom -1,3 prosent til 1,3 prosent av brutto driftsinntekter. For å balansere budsjettet er det lagt opp til å bruke 24 mill. kroner av disposisjonsfond i heile perioden. Skatteinntekter og rammetilskot er vidareført på nivå med 2020. Det same gjeld for andre større inntekter som eigedomsskatt og andre kraftinntekter. Midlar frå havbruksfondet er budsjettet med 3 mill. kroner i 2021, auka til 30 mill. i 2022 og ned att til 3 mill. kroner i 2023. Fordelte rammer til sektorområda er reduserte frå 985 mill. kroner i 2020 til 923 mill. kroner i 2023.

For perioden 2021 – 2023 planlegg kommunen investeringar i anleggsmidlar for 430 mill. kroner, av dette er 250 mill. kroner finansiert med nye låneopptak. For heile økonomiplanperioden vil brutto lønegjeld auke til 1 858 mill. kroner, og vil utgjere 143 prosent av driftsinntektene.

Fylkesmannens vurderingar

Samanlikna med eit gjennomsnitt for kommunane i landet har Kvinnherad høge inntekter. Dette gjeld også etter at det vert korrigert for utgiftsbehovet til kommunale tenester, som då viser at kommunen har frie inntekter (inkl. eigedomsskatt, konsesjonskraft-/heimfallsinntekter) i 2019 som ligg 9 prosent over landsgjennomsnittet av inntekter per innbyggjar⁴. Med dette som grunnlag vil Fylkesmannen sterkt oppmode kommunestyret om å følgje opp eiga målsetjing om å oppnå netto driftsresultat som over tid ligg på 2,75 prosent. Med eit slikt resultat kan kommunen ta vare på sin formue, oppretthalde ein driftsmargin/reserve og setje av midlar til investeringar.

Økonomiplanen skal gje ein realistisk oversikt over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver i planperioden. Han skal også syna korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Fylkesmannen vil påpeike at det først og fremst er kommunestyret som gjennom sitt vedtak har ansvar for at budsjett og økonomiplan oppfyller kravet om realisme etter kommunelova. I dette ligg det også at kommunen følgjer eit forsiktighetsprinsipp i budsjettering av inntekter, og ikkje budsjetterer desse for høgt. Særleg gjeld dette inntekter som kan vurderast som usikre, t.d. der det ikkje ligg føre ekstern dokumentasjon når dei blir vedtekne i budsjett og økonomiplan. For Kvinnherad gjeld dette først og fremst inntekter frå havbruksfondet, kraftverksemد og avkastning på plasserte midlar.

Etter budsjetterte investeringar og planlagt finansiering av desse, vil lønegjelda auke til 1 858 mill. kroner i økonomiplanperioden. Dette er ein sterkare auke samanlikna med driftsinntektene, og over kommunestyret si målsetjing. Dette betyr auka finansutgifter og redusert handlingsrom til tenester, som igjen får konsekvensar for innbyggjarane. Fylkesmannen vil sterkt oppmøde at kommunestyret følgjer opp eiga målsetjing om nivå på lønegjelda samanlikna med driftsinntektene. I dette arbeidet må

⁴ Komm.prp. 2021 tabell 2.4



kommunestyret årleg vurdere utviklinga av lånegjelda med grunnlag i samansetjinga av gjelda og renterisiko opp mot kommunens økonomiske handlingsreglar.

Med helsing

Lars Sponheim

Gunnar O. Hæreid
ass. fylkesmann

Dokumentet er elektronisk godkjent